

# B E R G S Ø Y I D R E T T S L A G .

## Årsberetning for 1962/63.

Denne Årsberetning omfatter Bergsøy Idrettslag's 19. rekneskapsår, nemlig frå 15/10 1962 til 15/10 1963.

### Arrangementer.

Det har i årt<sup>5</sup> som gjekk vore halde mange tilstellingar som har gitt godt økonomisk utbytte.

Nyttårsafta hadde laget offentleg dans på Bergshall, og netto kom der ånn vel 1100 kroner. 17.mai fekk laget av 17.mai komiteen til oppgave å arrangere folkefest med underhaldning og dans på Bergshall. Både programmessig og økonomisk vart festen sers vellykka. Nettoinntekta vart ca. 1600 kroner. Utanom dette har det vore halde 2 2 dansar. Tillsaman på desse 4 arrangementa har det kome inn ca. 3500 kr. Dessuten har laget hatt 2 kaketombolaer, der det har kome inn nesten 800 kroner netto.

Primus motor i alle desse tiltaka har vore Harald Arnesen, som formann i arrangementskomiteen har han hatt mang ein stri tårn medå få til desse tillstellingane.

I desember 1961 sendte Leif Tronstad, som då var formann i laget, søknad til Sunnmøre Kredittbank om å få forfalne renter ettergitt. I desember 1962 fekk laget eit tilskot på Kr. 400, som gjekk til betaling av renter. Videre kom det frå Norges Fotballforbund's seriekasse eit tilskot på Kr. 162.

Cirkus Løve fekk også i år leige fotballbana, mot ei leige på Kr. 200 + 10 fribilettar.

## Fotball .

### A-laget.

Til innandørstreninga i vinter fekk laget leige kjellaren på Bergshall gratis, og træninga tok til i november under leiding av Per Eide.

I motsetning til åra før var bana i år tidleg fri for snø og allerede 24. mars spela laget fyrste treningskampen, det var mot Volda og kampen enda uavgjort 3-3. Sidan gjekk det slag i slag med 4 treningskampar til før seriestarten. Laget viste tildels bra spel i desse kampane ,og ein såg derfor ~~spkkskkskksk~~ med optimisme fram til kampane i 5.div. ,der fylgjande lag deltok : Aksla, Bergsøy , Brattvåg, Emblem, Hovdebygda, Stordal, Sykkylven, og Volda. I opningskampen mot Sykkylven på VRF si grasbane gjekk det ikkje so bra , vi tapte 8-2. Seinare gjekk det bedre med seier over Emblem og Hovdebygda og med eit knøpent tap mot Aksla med 1-0 i dei 3 heimekampane. I bortekampane klarte laget uavgjort mot Brattvåg men tapte mot Stordal og Volda og som nemt mot Sykkylven. Etter desse 7 vårkampane stod laget på 5. plass med 5 poeng.

Hautsesongen starta 4. aug. med heimekamp mot Sykkylven som vann knøpent med 1-0. I dei andre heimekampane spela laget uavgjort mot Stordal og Volda, og slo Brattvåg med 3-1. Men i utekampane mot Emblem, Hovdebygda og Aksla vart det nederlag, henholdsvis med 4-1, 2-1 og 2-0.

Sykkylven vart seriemester i 5.div. med 23poeng og nr.2 vart Aksla. Desse to rykker opp i 4. div. Den vidare rekkjefylje vart : Volda 18 p , Emblem 14, Stordal 13 , Bergsøy 9 , Brattvåg 8 , og sist Hovdebygda med 7 poeng. Det vart also berre sovidt vi gjekk klar nedrykking til 6. divisjon.

### Junior- og guttelaget.

Det var også i år påmeldt både juniorlag og guttelag. Men på grunn av att fleire juniorspelarar måtte rykke inn på a-laget , måtte vi ~~des~~ desverre trekke dette laget ut av serien.

Guttserien var i år delt opp i 3 avdelingar . Vårt guttelag skulle

spele mot Mauseidvåg, Skarbøvik, Hødd , ÅFK II og Hareid. Det vart spela i enkel serie og kampanetil guttelaget fekk dette utfall:

Bergsøy- Mauseidvåg 7-0 , Bergsøy- Skarbøvik 5-3

Hødd - Bergsøy 2-2 , Bergsøy- ÅFK II 6-1, Hareid-Bergsøy 1-4

Vårt guttelag vart avdelingsvinnar med 9 poeng og målkvote 24-7.

ÅFK I og Ørsta vart avdelingsvinnarar i dei to andre avdelingane.

Kampane mellom desse treom kretsmesterskapet fekk dette resultat:

ÅFK I - Bergsøy 5-0

Ørsta - ÅFK I 1-2

Bergsøy-Ørsta 1-1

ÅFK I vart dermed kretsmester i gutteserien med Ørsta på andre plass og Bergsøy nr.3.

Aksla Stadion var i dårleg forfatning då vårt guttelag stilte opp mot ÅFK der. Kampen skulle spelast før 2. div.kampen ÅFK- Greåker , men då gutane kom på bana vart kampen utsett til etter 2.div.kampen. Bana var sers glatt og gjørmet, og vårt guttelag hadde nokk ikkje denn nødvendige rutine til å hevide seg under slike forhold.

Guttelaget har vist <sup>fin</sup> ~~sin~~ teknikk og <sup>godt</sup> ~~teit~~ lagspel som lover godt for framtida.

### Handball.

Sunnmøre Handballkrets har heller ikkje i år avvikla kretsserie i Handball, likevel har nokre gjenter, under leiding av Margot Roksvåg, drive litt handballtrening , dei har også spela 2 privatkampar.

Handballmåla vart øydelagde i fjor, og styret har ikkje funne det tenlegt å koste nye mål. Handballgruppa kosta seg derfor provisoriske mål sjølv. Det er å håpe att den økonomiske framgangen som har vore i laget i år ,også vil fortsette komande år, slik at det kan verte muleg å halde handball-laget gåande.

### Idrettsanlegget.

På fotballbana har det i år ikkje vore gjort anna enn vanleg vedlikehaldsarbeid. Vi søkte Herøy Komune om Kr. 4000.- , og vi fekk eit tilskot på Kr. 2000.-. Pengane var tenkt til fullføring og grusing av det utvidingsarbeid som vart sett igong hausten 1959, men det har til denne tid i år ikkje vore gjort noke med dette. På klubbhuset har det berre vore utført ein del vedlikehaldsarbeid.

### Tillitsverv.

Hovedstyre.

Formann: Eystein Botn

Nestform. : Gunnar Kjellstadli

Kasserer: Harry Aspheim

Sekretær: Gunhild Sommerseth

Styremedlem: Kåre Arnesen.

Varamenn: Margot Roksvåg, Harald Lied , Asmund Myklebust.

Revisorer: Peder Worren og Andreas Sævik

Banenemnd: Petter K. Pettersen (formann) Sigm. Paulsen , Oddvar Myklebust, Kåre Arnesen, Gunnar Roksvåg.

Oppmann I fotball: Ingvald Stenersen

UK i fotball: Ingvald Stenersen, Ludvik Holberg Hansen, Kåre Arnesen.  
Varamenn: Nickolai Rånes og Ingvard Sommerseth.

Instruktør i fotball: Per Eide.

Klubbhusnemnd: Nic. Rånes og Ingvar Sommerseth.

Materialforvalter: Harald Arnesen og Sigm. Paulsen

Arkivar: Louis Røren

Kontrollnemnd : Finn Voldnes , Elias Hansen

Instruktører i gymn.: Margot Roksvåg, Andr. Sævik og P. Eide

Oppmann junior: Harald Arnesen

Oppmann for guttelaget: Harald Arnesen

UK for junior og gutter: Harald Arnesen , Gunnar Kjellstadli  
Sigm. Paulsen

Arrangementskomite: Harald Arnesen (formann), Harald Lied,  
Margot Roksvåg, Gunhild Sommerseth

Damegruppa.

Styre: Margot Roksvåg formann, Grete Stenersen nestformann,

Styremedlemmer: Gunhild Sommerseth, Torunn Fagerlung, Toril Bostad.

Instruktør: M. Roksvåg

Oppmann og reiseleder: Sigm. Paulsen

Materialforvaltar: ~~Gunnar~~ <sup>Gunhild</sup> Sommerseth


Banenemd: Petter K. Pettersen, Ingv. Sommerseth

Friidrettsnamd: Ludvik Hansen, M. Roksvåg ; Peder Worren

På vegne avstyret vil eg takke alle medlemane for det året som er gått, og ynskje dei nye tillitsmennene alt godt med det vidare arbeid for laget i året som kjem.

Fosnavåg 20. oktober 1963

Bergsøy Idrettslag

  
Eystein Botn

formann